

**SÆRUTSKRIFT**  
**Samla saksframstilling**

<b>Utval</b>			<b>Saksnummer</b>	<b>Møtedato</b>
Nærings-, plan- og miljøutvalet			0004/04	10.02.04
<b>Løpenr.</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>	<b>Arkivnr.</b>	<b>Saksbehandler:</b>	
000516/04	04/00141	/V7/	Kristin Wadsten	

**NY LOV OM SKOGBRUK - HØYRING**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Hovedutval for næring, plan og miljø viser til dei synspunkta som kjem fram i saksutgreiinga og sluttar seg til desse.

**VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Rett utskrift  
SERVICEKONTORET, 6084 Larsnes, 11.02.04

Ingunn Thorseth Sjøstad  
sekretær

Særutskrift:

Skogbrukssjef Roar Leirset, Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy  
Landbruksdepartementet – [postmottak@ld.dep.no](mailto:postmottak@ld.dep.no)

## VEDLEGG:

Forslag til ny Lov om skogbruk (skogbrukslova), utkast 04.12.2003.

I saksmappe: Høring – Forslag til ny Lov om skogbruk (skogbrukslova), Notat fra Landbruksdepartementet, 04.12.2003.

## SAKSOPPLYSNINGER:

Saksutgreiing frå skogbrukssjefen:

### **Bakgrunnen for lovforslaget:**

Landbruksdepartementet foreslo i St.mld. nr 17 (1998 – 1999) å starte arbeidet med ei ny lov om skogbruk. Bakgrunnen var internasjonale og nasjonale trekk i utviklinga og dei skogpolitiske utfordringane som Noreg møter.

Departementet la til grunn at dei endringane som over tid er gjennomførde i gjeldande lov av 1965 ikkje dekkjer behovet i dag for ei meir fullstendig modernisering av føresegnene. På einskilde område er lova i dag lite dekkjande og funksjonell i forhold til dei skogpolitiske utfordringane som skal løysast i framtida.

Forslaget om å utarbeide ei ny lov fekk tilslutning av fleirtalet i næringskomiteen under Stortinget si handsaming av Skogmeldinga våren 1999. Komiteen uttalte føggjande i Innst. S. Nr. 208 (1998 – 1999), s. 19-20:

*”Komiteen har merket seg at Regjeringen legger opp til å starte arbeidet med en ny skogbrukslov, med klare bestemmelser om et bærekraftig skogbruk og en langsiktig ressursforvaltning. Komiteen er enig i at de skogpolitiske utfordringene krever et moderne og funksjonelt juridisk rammeverk. Det er viktig at en ny skogbrukslov blir en næringslov hvor prinsippet om frihet under ansvar opprettholdes. Loven må også gi klare rammer for de miljøhensyn som påhviler skogbruket, og som er en viktig del av den enkelte skogeiers forvalteransvar. Den nye skogbruksloven må også videreføre en skogadministrasjon på kommune- og fylkesnivå med en organisasjon og kompetanse som gjør det mulig å følge opp regelverket og de skogpolitiske mål på en god måte regionalt og lokalt”.*

### **Departementet skriv som følger :**

#### HOVUDINNHALDET I FORSLAGET TIL NY LOV OM SKOGBRUK

Departementet sender med dette ut forslag om ei ny Lov om skogbruk (skogbrukslova) til høyring. Lova skal erstatte gjeldande lov om skogbruk og skogvern frå 1965 med seinare endringar.

Den nye lova skal regulere skogbruk som næring og stimulere til verdiskaping med grunnlag i skogressursane. Siktemålet med forslaget er å etablere eit meir moderne og juridisk funksjonelt rammeverk for forvaltning av skogressursane.

Forslaget til ny lov inneber ei klar forenkling av gjeldane lovgjeving om skogbruk. Gjeldande lov har 58 føresegner, medan den nye lova får 22 føresegner.

Departementet foreslår at den nye lova skal ha følgjande formål ;

*”Denne lova har til formål å fremme ei bærekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen”.*

Lovforslaget legg til grunn den eksisterande grensedraginga mellom skoglovgjevinga og naturvernlovgjevinga, og fører vidare prinsippa i gjeldande lov om skogbruk og skogvern i ei meir framtidretta lov med fokus på verdiskaping innafør dei rammer miljøomsyna set. Lovforslaget fører vidare ei skogbruksstyremakt på kommune- og fylkesnivå med ei organisering som gjer det mogleg å følgje opp regelverket og dei skogpolitiske måla på ein god måte, regionalt og lokalt. Lovforslaget legg m.a. opp til eit større rom for handling på lokalt nivå enn gjeldande lov, noko som inneber at kommunane sin fullmakt til å treffe vedtak i første instans vert større. Føresegner i lova gir òg kommunane heimel for å innføre meldeplikt for tiltak i skogbruket, om det er behov for å føra kontroll med at lovføresegnene og forskrifter gitt i medhald av lova vert overhaldne.

Dei føresegnene departementet foreslår i utkastet til ny lov gir i all hovudsak rammer for bruk og forvaltning av skogen. Departementet har likevel funne det rett å ta inn i lova einskilde føresegner som opnar for å regulere skogbruket meir detaljert dersom det er nødvendig. Lovforslaget legg til grunn som hovudprinsipp at skogeigaren har ansvaret for at skogressursane og miljøverdiane vert forvalta i samsvar med lova og forskrifter gitt med heimel i lova. Departementet fører i denne samanheng inn omgrepet forvaltaransvar i lova. Lovforslaget gir ei ny føresegn om forynging etter hogst. Dette inneber ei konkretisering og skjerping i forhold til dei reglane som gjeld i dag. Departementet foreslår samstundes å lage ei ny forskrift om forynging og tek sikte på å fastsetje denne parallelt med iverksetjinga av den nye lova. Det er ønskjeleg at høyringsinstansane kommenterer kva for innhald og detaljeringsgrad ei slik forskrift bør ha.

Lovforslaget legg vidare til rette for å møte nye utfordringar i samband med ulike miljøspørsmål, og inneber m.a. eit forslag om ein heimel for å lage ei forskrift om miljøomsyn. Departementet tek sikte på å fastsetje ei slik miljøforskrift parallelt med iversettinga av den nye lova. Som for forskrifta om forynging ber departementet høyringsinstansane om synspunkt på innhaldet i ei slik forskrift.

Føresegnene om omdisponering av skogsmark i gjeldande lov vert ikkje ført vidare. Departementet legg til grunn at regulering av dette først og fremst skal skje etter plan- og bygningslova og dels etter føresegnene om deling og omdisponering i jordlova. Departementet foreslår i samband med dette mindre justeringar i § 9 i jordlova. Dette inneber ei forenkling samstundes som endringane gjer det tydelegare at kommunane gjennom plan- og bygningslova har eit klart ansvar for god arealdisponering og vern om areal med biologisk produksjonsevne.

Lovforslaget stadfestar og styrkar ordninga med at ein del av inntekta frå avverking av skog skal førast attende til skogen i form av langsiktige investeringar. I gjeldande lov er dette teke inn i føresegner om skogavgift. I lovforslaget er ordninga kalla skogfond. Dette er ei fornying. Avsetnaden er ikkje ei avgift, men ein tvungen fondsavsetnad som er ei sentral, varig ordning med sikte på å sikre finansiering av ei bærekraftig forvaltning av skogen.

Lovforslaget gir heimel til å føre nærare kontroll med at skogen vert driven innafør forsvarlege skog- og miljøfaglege rammer. Departementet legg til grunn at prinsippet om internkontroll no er teken i bruk innafør skogbruk, jf. òg HMS-lovgjevinga. Departementet foreslår difor m.a. ein heimel til å stille krav til skogeigarane sin interne kontroll og tilgang til rapporter frå desse.

Når det gjeld føresegna om straff foreslår departementet at forsettleg eller aktaust brot på føresegner i lova kan bli straffa med bøter eller fengsel i inntil eitt år, og det vert innført heimel til å gi tvangsmulkt slik dette også vert nytta i jordlova. Dette er ei skjerping i høve til gjeldande lov. Føresegnene i gjeldande lov om at brot ikkje vert påtala utan etter krav frå skogbruksstyremaktane vert ikkje ført vidare. Dette er i tråd med dei synspunkt departementet har fått under arbeidet med lova. Departementet meiner elles at særleg alvorlege brot på lova og forskrifter fastsett med heimel i denne, som gir varige negative

verknader for miljøet, skal vurderast som miljøkriminalitet. Det kan i slike saker òg verta reist tiltale etter straffelova.

### **Kommunen sine merknader :**

#### § 1 Formålet med lova

Den nye lova tonar ned nærings sida av skogbruket, og fremmer i staden miljøaspektet og dei "mjuke" sidene ved skogen, og forvaltninga av den.

Ut frå eit skogbruksfagleg syn, og skog som ressurs og næring må dette seiast å vere ei veldig uheldig vinkling.

Ein kan ikkje kome vekk frå at størstedelen av skogen i Noreg bør og må nyttast i nærings samanheng. Ei slik formulering av formålet med lova vil utan tvil svekke næringsinteressene i skogbruket, og kan føre til ei omforent lov der skogeigaren må påvise at alle andre interesser / verdiar er ivareteke før skogen kan nyttast som ein økonomisk ressurs for det einskilde bruk.

Ein bør i det minste ta inn att i formålet at lova skal fremme skogproduksjon og at skogbruket gjennom rasjonell skjøtsel skal gi eit tilfredsstillande resultat for næringas utøvere og sikre effektiv og jamn råstofftilførsel til industrien.

#### § 2 tek delvis opp gamle lovas § 3, og kommunen har ingen merknader til denne

§ 3 Omhandlar ei vidareføring av ei tredeling av skogbruksstyresmakta, der Departementet, det regionale nivået og det kommunale nivået inngår. Her legges det opp til ei delegering av mynde ned til kommunalt nivå, i dei fleste saker. Den gamle nemninga "skogoppsyn" vert her fjerna frå lovteksten. Dette stiller, etter departementet sitt syn, krav til kommunane om at dei på ein klar måte gjer synleg overfor næringa og borgarane generelt korleis kommunen reint praktisk tek vare på og utøvar si rolle som skogbruksstyresmakt i første instans.

Det er her grunn til å tru at systemet med kommunas ansvar i skogbrukssaker er så godt innarbeidd, at dette ikkje vil føre til nemneverdige problem for brukarane. På den andre sida er størstedelen av lovsakene delegert til kommunen for avgjerdsle, og dette vil medføre større ansvar og arbeidsmengde i saksførebuing. Det vil dermed òg føre til store krav til fagleg kompetanse til sakshandsamarane i kommunane.

Altså vil auka lokal handlingsfridom føra til skjerpa krav til det kommunale fagapparatet.

Dette kan verka litt rart når kompetansekravet no er fjerna, og ein vil nok i enkelte kommunar oppleve at det vert problem med å leva opp til forventningane.

§ 4 i ny lov legg større fridom og ansvar på skogeigar. Dette kan føre til at skogeigaren må setje seg betre inn i kva det vil seia å eige skog, og kva krav som settest for drift av skogen, innafor lovverket, altså ei bevisstgjering på ansvar og fridom ved å eiga skogeigedomar. På den andre sida seier § 4 at miljøansvaret kan føre til at nokre tiltak i skogen ikkje kan gjennomførast.

Dette vil kunne sjåast på som eit skjult fredningsvedtak med heimel i skoglova, der det offentlege kan gå inn og verne / frede skogområde utan å få økonomiske forpliktelser ved båndlegginga.

Ut frå dette bør lovteksten fjernast / omformulerast.

Poenget må vere at dersom det offentlege ønskjer å verne område til beste for ålmeinta, så skal dette kompenseras ovanfor eigaren i tilsvarande økonomiske midlar. Dette gjeld der skogbruk med økonomisk vinst ikkje kan gjennomførast, grunna miljøhensyn.

§ 5 i ny lov var i gamle lova lagt til § 29. I den nye lova er det teke inn registrering av miljøressursane på eigedomen. Desse skal vere offentleg tilgjengelege. Dette er i tråd med ”levande skog – standardene”, og verkar å vere hensiktsmessige.

§ 6 omhandlar forynging og stell av skog. Denne erstattar m.a. §§ 17 og 27 i gamle lova. Den nye lova er noko skjerpande i forhold til den gamle. Mellom anna settes det ein frist for å legge til rette for forynging innan 3 år etter hogst. Om naudsynte tiltak ikkje er utført innan fristen, skal kommunen avgjere om skogeigaren skal påleggast å setje i verk foryngingstiltak innan maksimalt 2 år. Om ikkje arbeidet då er gjort, skal kommunen syta for at tiltak vert utført for skogeigars rekning.

Departementet oppmodar høyringsinstansane om å kommentera innhald og detaljeringsgrad i ei forskrift om forynging heimla i denne lovas § 6. Denne forskrifta skal tre i kraft på same tid som den nye skoglova.

Her verkar det fornuftig å følge departementets forslag som går inn på 3 grunnleggande faktorar; tettleik, treslag og tidsperspektiv. Departementet seier at reglane må vere enkle å nytte for dei som forvaltar regelverket, samstundes som dei ikkje skal medføre nye pålegg for bevisste skogeigere. I forslaget er det sett opp i tabellarisk form minstekrav til tettleik ut frå bonitet og treslag. For gran er forslaget minimum 50 planter / dekar på svakaste bonitet og opp til 150 planter / dekar på beste bonitet. For furu og lauv er forslaget henholdsvis 50 – 180 planter / dekar.

Dette må seiast å vere i lågste laget, men kan likevel godtakast ut frå vinklinga at dette i det minste viser at der er utført forynging, og at dette må vere hovudsaka med forskrifta.

Ellers meiner departementet at treslaget må vere tilpassse voksestaden for å verta godkjent. Den største faren ligg likevel i at eit areal må godkjennast som forynga berre det kjem opp skog. Her legg departementet opp til at; *ved naturleg forynging skal ein ikkje rekne t.d. større mengder vanleg bjørk som framtidstreslag der det tidlegare stod gran eller furu, utan etter eit bevisst val frå skogeigar og med godkjenning frå kommunen. Produksjon av ved på høge bonitetar kan i denne samanheng ikkje reknast som bevisst strategi.*

Denne presiseringa er veldig viktig for kommunen som skal handheva regelverket.

Departementet seier vidare at felt med t.d. gran i skogreisingsstroka skal behandlast som tilsvarande skog i skogstroka, og at avvik frå føresetnadene skal baserast på godkjenning frå kommunen. Her vil ein presisera at det bør og må vere lik regel uansett kor i landet ein er, men at det vert rom for avvik der det kan vere eit overordna mål om å skifte treslag i delar av ein kommune, eller i enkelte bestand.

#### Kap. V Avsluttande føresegner

Her kan det merkast at straff og tvangsgebyr er skjerpa i forhold til gamle lova. Det innføres ei strafferamme med fengsel i inntil 1 år, medan gamle lova kun opna for bøter. Her må ein gå ut frå at domstolane og framtidige rettsavgjerdslar legg seg på eit fornuftig nivå.

Kommunen har ingen merknader til dei øvrige paragrafene.

Generelt merkar ein seg ei stor overføring av mynde ned til kommunalt nivå, og ei handheving av lova vil utan tvil kreve ressursar og kompetanse på kommunenivå.

Ein vil i den samanheng gjere merksam på at slike delegeringar framtingar auka statlege overføringar til kommunane som skal ivareta lova. Dette bør kome inn i statens rammeoverføringar til kommunene. Viss ikkje ressursane og kompetansen vert oppretthalde på det nivå som skal handheva lova og forskriftene, står ein i fare for å miste inngrepsmoglegheit og styringa med lovverket.

